

## **Spørsmål til spørjetimen i Radøy kommunestyre 30.mars 2017**

### **NORSKOPPLÆRING FOR VAKSNE INNVANDRARAR**

Sak 17/16 i Radøy kommunestyre, «Busetjing av flyktningar». Følgjande tilleggsframlegg vart vedteke mot ei røyst:

«Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktningar skal vera på nynorsk.»

Det er kommunane som – gjennom Introduksjonslova (§ 18) – har ansvar for norskopplæringa til vaksne innvandrarar.

Vaksne innvandrarar har både rett og plikt til å gjennomføra norskopplæring, og i Radøy kommune er dette tilbodet lagt til Vaksenopplæringa ved Læringsenteret i Lindås kommune.

**Kva opplæringsspråk som skal brukast er ikkje regulert i noko lovverk, og av ein eller annan grunn vert opplæringa i nynorsk-kommunen Lindås stort sett gitt på bokmål.**

Rett språkopplæring er avgjerande for integreringa.

Nordhordland er nynorskland. Borna til dei vaksne innvandrarane lærer nynorsk i Radøy kommune. Me meiner det er naturleg at Vaksenopplæringa gir opplæring på nynorsk. Dersom foreldra lærer det same språket på vaksenopplæringa som borna lærer på skulen, vert det t.d. lettare å kommunisera både i heimen og med omverda. Eit av argumenta mot nynorsk har vore tilgangen på læremiddel. Dette argumentet held ikkje mål lenger, og per i dag har nærmere 50 nynorskkommunar opplæring på nynorsk til vaksne invandrarar.

Nynorsk skriftspråk byggjer som kjent på dialektar, og med vår(e) dialekt(ar) kan ein lett kjenna seg att i nynorsken.

Radøy kommune vart i 2014 kåra til årets nynorskkommune, og har ein vedteken målbruksplan. I tillegg skal Radøy kommune arrangera nynorskdagar i 2017 og 2019. Med dette som bakteppe er det heilt meiningslaust at innvandrarar skal få opplæring på bokmål.

Radøy Sp meiner at opplæringsspråket på Vaksenopplæringa er ei prinsipiell sak, som kommunestyret bør ta stilling til.

Denne saka skal opp til politisk handsaming i Lindås kommune i april/ mai.

**Spørsmål :**

**Vil ordføraren syta for at det vert fremja ei sak med sikte på vedtak om at  
nynorsk skal vera opplæringsspråk ved Vaksenopplæringa i Lindås kommune,  
frå hausten 2017 ?**